

Budsjett 2024

Økonomiplan 2024-27



Versjon 14.12.23



Fremskrittspartiet



1 Innleiing

FrP og Høgre sitt framlegg til Budsjett 2024 / Økonomiplan 2024-27 følgjer under.

Framlegget byggjer på kommunedirektøren sitt framlegg av 26.10.23. Der vi ikkje har konkrete endringar til budsjettet eller verbale føringar sluttar vi oss til kommunedirektøren sitt framlegg.

Vi ber om at kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert oppdatert med dei talmessige endringane og verbale føringane som kjem fram av dette budsjettframlegget.

2 Strategi 2027

Ved inngangen til valperioden står Bjørnafjorden kommune i ein krevjande økonomisk situasjon. Driftsbudsjettet må gjennom det pågåande prosjektet Omstilling25 og tiltaka i Budsjett 2024 /Økonomiplan 2024-27 betra budsjettbalansen med ca 150 mill kroner.

FrP/H har fire overordna mål for valperioden 2024-27;

- Få orden på kommuneøkonomien
- Prioritera primærtenestene
- Byggja *ein* felles kultur for Bjørnafjorden
- Setja fart på utviklinga av Bjørnafjorden

For å nå desse måla vil FrP/H ha særskilt fokus på følgjande fem strategiar;

A. Redusere driftskostnader – setja tæring etter næring

- Gjennomføra kostnadsreducerande tiltak gjennom Omstilling25 og tiltaka skissert i Budsjett 2024 / Økonomiplan 2024-27
- Sikra detaljert rapportering på økonomi og årsverk, - tett budsjettoppfølging i formannskapet
- Nytt konkurranse i tenesteproduksjonen der dette kan gje lågare kostnader og/eller betre kvalitet i tenestene
- Halda att på investeringar i økonomiplanperioden 2024-27
- Vidareføra satsing på digitalisering og velferdsteknologi

B. Auka driftsinntektene – stimulera til bustad- og næringsetableringar

- Etablera JA-haldning i arealpolitikken

- Leggja til rette for effektive planprosessar, og starta arbeidet med ny arealplan for heile Bjørnafjorden
- Ordførar og varaordførar skal fungera som ombod for næringslivet
- Driva fram og setja retning for utviklingsprosjekt i samarbeid med private investorar
- Sal av kommunal eigedom, samt realisera tomteverdiar i Lyseparken og Samnøy Næringsområde

C. Samarbeid – styrkja 3-partssamarbeidet politikk-administrasjon-tillitsvalde

- Tett dialog om felles utfordringar
- Satsa på leiarutvikling på alle nivå i organisasjonen
- Maksimal delegering basert på verdibasert leiing og myndiggjorte, kompetente medarbeidarar
- Leggja til rette for etter- og vidareutdanning, fagbrev og lærlingar

D. Engasjera frivillig sektor – overføra ikkje-lovpålagte oppgåver

- Stimulera og engasjera frivillig sektor
- Overføra oppgåver til frivillige lag og organisasjonar
- Nyttja frivillige som ekstra ressurs i tenesteproduksjonen
- Koordinera frivillige ressursar gjennom frivilligsentralane / frivilligkoordinatorar

E. Merkevara Bjørnafjorden – byggja felles identitet

- Ta Bjørnafjorden kommune sin merkevareplattform aktivt i bruk
- Forankra verdiar, visjon og misjon i heile den kommunale organisasjonen og lokalsamfunnet
- Aktivt marknadsføra attraktiviteten til Bjørnafjorden

Gjennom desse måla og strategiane legg FrP/H til grunn at driftsbalansen i skal vera reetablert i 2026/-27.

3 Driftsbudsjett

Kommunedirektøren sitt budsjettframlegg, inkludert dei endringane FrP/H gjer i tråd med dette budsjettokumentet, inneheld ei rekkje inngripande tiltak. Vi legg til grunn at formannskapet skal vera tett på gjennomføring av tiltaka i administrasjonen, og at administrasjonen varslar politisk nivå dersom kommunen kjem nær eller over grensa for forsvarleg tenesteproduksjon i høve lovpålagte tenester.

Budsjett 2024/Økonomiplan 2024-27 – framlegg FrP/H

I tabellen under følgjer FrP/H sine endringar i driftsbudsjettet 2024-27. Endringar på tiltak fremja av kommunedirektøren, samt nye tiltak frå FrP/H er særskilt kommentert i teksten under for kvart tenesteområde.

Tiltak	2024	2025	2026	2027
Frie inntekter				
Økt inntekt Havbruksfond - avvente erfaring	-	-	-	-
Delsum				
Fellesområde				
Delsum				
Stab				
Delsum				
Oppvekst				
Ikkje nedlegging skule	3 995 000	8 810 000	8 810 000	8 810 000
Ikkje 50% redusert skulebading Osbadet	655 000	1 345 000	1 345 000	1 345 000
Delsum	4 650 000	10 155 000	10 155 000	10 155 000
Helse og velferd				
Auka brukarbetaling med 50% for basseng Lurane	- 250 000	- 250 000	- 250 000	- 250 000
Overføring brukarbetaling basseng til Samfunnsutv.	250 000	250 000	250 000	250 000
Ytterlegare nedtrekk Psykisk helse og rustenester	- 1 600 000	- 3 200 000	- 3 200 000	- 3 200 000
Buavdeling 1 og 2 Luranetunet til Omsorg+		5 000 000		
Delsum	- 1 600 000	1 800 000	- 3 200 000	- 3 200 000
Samfunnsutvikling				
Ikkje nedlegging skule	840 000	1 675 000	1 675 000	1 675 000
Auka pris bubil og gjestehamn	- 250 000	- 250 000	- 250 000	- 250 000
Infoland / eigne meklarpakkar - auka pris	- 500 000	- 500 000	- 500 000	- 500 000
Vidare drift terapibasseng - auka brukarbetaling	250 000	250 000	250 000	250 000
Vidareføra vaktlagordning Eikelandssosen brannstasjon	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Ytterlegare nedtrekk div. tenester	- 2 400 000	- 4 800 000	- 4 800 000	- 4 800 000
Delsum	- 1 060 000	- 2 625 000	- 2 625 000	- 2 625 000
Finans				
Auka utbytte	- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 000 000
Utbytte BUS AS		-10 000 000	-10 000 000	-10 000 000
Auka renteinntekter - sal av eigedom	- 2 500 000	- 4 000 000	- 4 000 000	- 4 000 000
Redusert rente- og avdragkostnad - lån	- 2 300 000	- 3 400 000	- 3 700 000	- 3 600 000
Delsum	- 6 800 000	-19 400 000	-19 700 000	-19 600 000
Sum endringar	- 4 810 000	-10 070 000	-15 370 000	-15 270 000
Opprinneleg avsetning Disposisjonsfond	- 17 343 000	-17 362 000	-32 362 000	-32 362 000
Ny avsetning til Disposisjonsfond etter FrP/H-endring	- 22 153 000	-27 432 000	-47 732 000	-47 632 000
Korrigert netto driftsresultat i % av driftsinntekter	1,0	1,2	2,0	2,0

3.1 Frie inntekter

FrP/H legg til grunn rammetilskot og skatteinntekter basert på Statsbudsjettet for 2024.

Inntekter frå Havbruksfondet er i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg sett opp med 8 mill kr pr år. Truleg er dette nivået noko lågt, men FrP/H er samd med kommunedirektøren i at ein må avventa nokre år med det nye grunnrenteskatteregimet for næringa før vi justerer opp anslaget på årleg inntekter.

3.2 Fellesområde

FrP/H har ikkje merknader til kommunedirektøren sitt budsjettframlegg på dette området.

3.3 Stab

FrP/H har ikkje merknader til kommunedirektøren sitt budsjettframlegg på dette området.

3.4 Oppvekst

Skulestruktur

FrP/H legg inn kostnader knytt til vidare drift av Halhjem barneskule, Strøno barneskule og Ådlandsfjorden barneskule.

Skulebading – redusere aktivitet i basseng – auka symjing i sjø

FrP/H legg inn att skulebading i Osbadet på dagens nivå, då det har synt seg vanskeleg å kompensera Osbadet/Os Idrettspark Bjørnafjorden KF med tilsvarande inntekter frå andre brukarar på dagtid. Kostnadsreducerande tiltak, som stenging av bassenga ein eller fleire dagar i veka, gjev heller ikkje tilstrekkelege kostnadskutt. FrP/H vil likevel be Os Idrettspark Bjørnafjorden KF om å vurdera stenging av bassenga på dagtid t.d. ein dag i veka når det uansett ikkje er skulebading. Dette vil styrkja budsjettbalansen til KF'et og evt. mogleggjera naudsynt vedlikehald på anlegget.

Kantinedrift ungdomsskulane

FrP/H vidarefører kantinedrift ved dei tre ungdomsskulane basert på sjølvkostprinsippet. Det er føremon om skulane koordinerer noko meir seg i mellom slik at det ikkje vert så store forskjellar på kantinetilbodet for elevane ved dei tre skulane.

3.5 Helse og velferd

Prosjekt Omsorgstrappa – Buavd. 1 og 2 v/Luranetunet til Omsorg+

FrP og Høgre vil gå vidare med prosjektet, men legg til grunn at gjennomføringa må skje gradvis og vil ta tid. Vi reduserer difor nedtrekket slik at det ligg inne 5 mill kr i 2024, 10 mill kr i 2025 og 15 mill kr i 2026 og -27. Vi legg følgjande føringar på prosjektet;

- Ingen bebuarar med noverande heildøgnsstilbod skal flyttast heim.
- Ein skal ikkje flytte bebuarar frå Buavd. 1 og 2 over på avdelingar for brukarar med kognitiv svikt (demensavdelingar).
- Så langt det er mogeleg skal ein ved LBBS og FBBS skilja bebuar med og utan kognitiv svikt.
- Gjennomføringstakt på prosjektet må til ei kvar tid vurderast opp mot ventelister for kort- og langtids plass med heildøgns omsorg, samt kommunen sin kapasitet til å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehusa.
- Ny turnus må implementerast på buavdelingane og i heimetenesta.
- Vurdera om ein for ein periode kan ta inn korttidspasientar til buavdelingane slik at ein kan planleggja betre for langtidsavdelingar (somatiske avdelingar og demensavdelingar) på resten av Luranetunet. Vurdera to vekers korttidsopphald i staden for tre slik at fleire får tilbod om korttidsopphald.
- Etter kvart som fleire plassar vert frigjort til Omsorg+ må dette også gje nedtrekk på legeteneste (bebuarar i Omsorg+ skal nytte fastlege), avdelingsleiarar og øvrige merkantile ressursar.

Omorganisering av legevaktordninga i Bjørnafjorden

Kostnaden med legevaktordninga i Bjørnafjorden er ikkje berekraftig, og kommunedirektøren har foreslått å avvikla legevaktstasjonen i Eikelandsosen. Stasjonen har p.t. ein årskostnad på 7,5 mill kr, som er 4 mill kr meir enn vedteken budsjettramme for 2023.

FrP/H legg til grunn at legevaktstasjonen, slik den er drifta i dag, vert avvikla pr 01.07.24, men før det skjer må framtidig legevaktteneste/kompenserande tiltak avklarast og gjennomførast for å tryggja beredskapen for innbyggjarane i denne delen av kommunen. Ein utvida og kvalitetssikra ROS-analyse (evt. utarbeidd med ekstern bistand) må

leggjast til grunn for tiltaka, slik at beredskapen vert sikra. Korleis ein skal handtera raud respons-hendingar må ha særskilt fokus.

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg er det sett av 1,1 mill kr til kompensierende tiltak. Desse tiltaka er skildra slik; «*Tiltak som kan vera aktuelle er at vi har ein bakvakslege tilgjengeleg når det oppstår raude responsar. Utbygging av first-responder-ordninga med å involvera heimetenesta på austsida av fjorden for å få helsepersonell inn i ordninga som kompensasjon for lang utrykkingstid for vakthavande lege er også aktuelt. Det kan også vurderast å etablera ein satelitt-vaktstasjon utan lege, men med erfaren vaktjukepleiar og videokonsultasjon med vaktlegen Moberg.*»

FrP/H ber om at det vert lagt fram eiga politisk sak til handsaming i formannskap/kommunestyret når utvida ROS-analyse er ferdig og framtidig legevaktteneste/kompensierende tiltak er tilstrekkeleg utgreidd. I den politiske saka skal endeleg nivå på finansiering av ny legevaktteneste/kompensierende tiltaka fastsetjast. Sak skal fremjast for politisk handsaming snarast råd og seinast 01.03.24.

Ytterlegare nedtrekk Psykisk helse og rustenester

FrP/H ber om at ein startar eit arbeid for å ta ned ytterlegare 4 årsverk innan tenesta Psykisk helse og rustenester. Dette omfattar tilbodet på Askviknes, ambulant teneste og bufellesskapa som vert drifta av eininga.

3.6 Samfunnsutvikling

Skulestruktur

Tenesteområdet vert kompensert for kostnader knytt til FDV ved dei tre barneskulane som vert drifta vidare.

Auka pris for bubilparkering og gjestehamn

FrP/H harmoniserer takstane for bubilparkering og gjestehamn med prisnivået på desse tilboda i regionen. Satsane for bubilparkering aukar frå 275 kr til 350 kr pr døgn og gjestehamn frå 300 kr til 350 kr pr døgn. Basert på besøkstal gjer dette ei meirinntekt på 250 000 kr pr år.

Infoland / eigne meklarpakkar

FrP/H harmoniserer prisane for tenester gjennom Infoland / eigne meklarpakkar med nivået i regionen. Meirinntekt er estimert til 500 000 kr pr år.

Vidare drift av terapibassenget Luranetunet

FrP/H ynskjer å vidareføra tilbodet i terapibassenget på Luranetunet, men ser det naudsynt å auka brukarbetalinga med 50% for å finansiera opp nedtrekket på 250 000 kr som kommunedirektøren hadde lagt inn på Samfunnsutvikling. Sjå også tabellen over.

Redningsdykketenesta

Redningsdykketenesta er ei ikkje-lovpålagt oppgåve som det er naturleg å vurdere i lys av kommuneøkonomien. FrP/H vil komme attende til tenesta når ROS-analyse for brann- og redningsområdet er handsama politisk i 1.kvartal 2024.

Vaktordning ved brannstasjonen i Eikelandsosen

H/FrP ynskjer å vidareføra den kontinuerlege vaktberedskapen for eit heilt vaktlag ved Eikelandsosen brannstasjon.

Ytterlegare nedtrekk 6 årsverk på tenesteområdet

FrP/H ber om at ein startar eit arbeid for å ta ned ytterlegare 6 årsverk innan tenesteområdet. Vi vil spesielt peika på tenestene Samferdsle, Eigedom Drift, Prosjektavdelinga, Kultureininga, Dokumentsenteret og Landbrukskontoret. FrP/H legg til grunn at det vert etablert ein prosess 1.halvår 2024 der formannskapet og administrasjonen kan drøfte kva stillingar og eventuelle oppgåver som skal fjernast.

3.7 Finans

Utbytte

FrP/H legg inn ein generell auke i utbytte med 2 mill kr basert på utbytt nivå for 2023.

Forventning om utbytte frå BUS AS

FrP/H legg til grunn at BUS AS i tida framover vil selja tomter både i Lyseparken og i Samnøy Næringsområde, og legg inn ein forventning om utbytte frå selskapet frå 2025-27. Endeleg nivå på utbyttet for det einskilde år må avklårast nærare i dialog med BUS AS ved kvar rullering av økonomiplanen.

Sal av eigedom – auka renteinntekter

FrP/H legg til grunn at arbeidet med selja eigedommar som kommunen ikkje skal nytta i eigen tenesteproduksjon vert intensivert. P.t. gjeld dette følgjande eigedommar; Hegglandsdalen skule, Nore Neset barnehage, Gamleskulen i Lysefjorden, tomt i Landboden (55/372), tomtar i Torkjellsvegen 66, tomt (122/170) i Eikelandsheiane, tomt (123/123) i Eikelandsheiane, tomt (136/70) i Venjanesvegen. Mobergslia 16 (50/24 og 50/36), samt tomtar som vert overført frå Fusa Utviklingsselskap AS. I tillegg ber FrP/H om at seksjonering og sal av Politistasjonen på Moberg vert iverksett.

I driftsbudsjettet er det lagt inn auka renteinntekter som følgje av eigedomssal tilsvarande 100 mill kr.

Redusert rente- og avdragskostnad – lågare investeringar

I driftsbudsjettet er det lagt inn reduserte rente- og avdragskostnader som følgje av at nybygg for Heimetenestene og hjelpemiddellager vert utsett.

4 Investeringsbudsjett

FrP/H sine endringar i investeringsbudsjettet kjem fram av Tabell 2.

Tiltak - endringar	2024	2025	2026	2027
Hjelpemiddallager / Base heimetenester	- 43 000 000	- 5 000 000		
Microhus - justert ramme k.styresak 173/23	1 900 000			
Sal av eigedom	- 50 000 000	- 50 000 000		
Sum	- 91 100 000	- 55 000 000	-	-

FrP/H utsett nytt bygg til Heimetenestene / hjelpemiddellager. Vi legg til grunn at Heimetenestene held fram i leigde lokale i Lyssandfabrikken, og ber administrasjonen om å komma attende med eiga sak for å sikra hjelpemiddellageret funksjonelle lokale (mindre oppgradering der dei er, flytting til andre kommunale lokale eller leige av lokale).

Investeringsbudsjettet er også justert for k.styrevedtak 173/23 med ny kostnadsramme på 7,4 mill kr for Microhus på Moberg.

Det er lagt inn 50 mill kr i 2024 og -25 knytt til sal av eigedom, sjå tekst under kap. 3. Driftsbudsjett.

5. Verbale oppdrag

5.1 Rapportering – økonomi/årsverk

Kommunestyret ber om at oppfølging av tiltak i Budsjett 2024/Økonomiplan 2024-27 vert rapportert til formannskapet på alle sektorar basert på mal nytta innan Helse og velferd gjennom 2023. I tillegg ber vi om tilsvarende detaljert rapportering på nedtrekk av årsverk knytt til vedtekne tiltak.

5.2 Omstillingshandboka

Kommunestyret ber om eiga politisk sak i jan./feb. 2024 for gjennomgang og eventuelt endringar i Omstillingshandboka for Bjørnafjorden kommune. Saka må vurderast om rutinar for stillingskontroll og verkemiddel knytt til nedbemanning (gåvpensjon, sluttpakkar osv) er tilfredsstillande med dei årsverksreduksjonar som no skal gjennomførast i kommunen.

5.3 Konkurransenutsetting

Kommunestyret ber om at det innan 30.06.24 vert lagt fram prinsipp sak med vurdering av kva tenester som kan eigna seg for konkurranseutsetting i økonomiplanperioden. Ein skal spesielt vurderast tenester der ein kan forventast lågare kostnader og/eller høgare kvalitet i tenesteproduksjonen, samt kor velfungerande marknaden er for dei aktuelle tenestene (tal potensielle leverandørar osv.).

5.4 Arealeffektivisering

Arbeidet arealeffektivisering knytt til dei kommunale tenestene må halda fram med mål om å avvikla bruk av leigde lokale, framleige av lokale eller utleige/sal av lokale kommunen eig sjølv.

5.5 Vurdering av eigenregiteamet

Kommunestyret ber om ei eiga sak innan 01.04.24 der ein vurderer avvikling av eigenregiteamet. Saka må synleggjera dagens organisering og bruk av teamet, økonomi, samt føremoner og ulemper med eit slikt team.

5.6 Småbåthamn framføre Os Sjøfront - utlyse kontrakt

Kommunestyret ber om eiga sak innan 01.03.24 om utlysing av kontrakt for etablering av småbåthamn framføre Os Sjøfront, ref. gjeldande reguleringsplan og kommunen sin rett til å disponera dette arealet til småbåthamn.

5.7 Merkevara Bjørnafjorden

Kommunestyret ber om ein gjennomgang av merkevareprosjektet knytt til Bjørnafjorden kommune, og at det vert utarbeida ein tiltaksplan for forankring av verdiar, visjon, misjon og visuell profil.

5.8 Frivilligstrategi

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd ein eigen frivilligstrategi for Bjørnafjorden kommune. Strategien skal peika på korleis kommunen best kan samarbeida med frivillig sektor, korleis vi skal organisera arbeidet og kva tilbod vi kan overføre til lag og organisasjonar evt. mot eit økonomisk vederlag.

5.9 Nattlege ferjeavgongar

Kommunestyret ber administrasjonen om å gå i dialog med Vestland fylkeskommune/Skyss med mål om få på plass nattlege ferjeavgongar Hatvik-Venjanaset.